



Språkteknologi i staten



Nemi av Lise Myhre

Når ein norsk pjokk går seg vill i Marokko, gjer språkproblem det vanskeleg å hjelpe han. Heldigvis kan mobiltelefonen tolke til og frå naturleg norsk tale, og historia får ein lukkeleg slutt. Du hugsar kanskje denne tv-reklamen? Situasjonen er nok ein framtidssjåson, for språkteknologien er ikkje kommen så langt enno. Likevel, det kunnskapsdrivne og høgteknologiske samfunnet vi lever i, krev at vi heng med på ei utvikling som går raskare og raskare. Nokre av oss fell av, medan andre heng i stroppen. Kanskje er du ikkje eingong klar over kor mykje du faktisk nyttar deg av språkteknologiske program og tenester.

Kva er språkteknologi?

Stutt sagt er språkteknologi alle tekniske løysingar som byggjer på systematisert kunnskap om og bruk av naturleg språk. Det handlar om «intelligent» programvare som kan vere digital sekretær, bibliotekar eller tolk for deg. Sjølv om mobiltelefonen enno ikkje kan ta over for tolkar, finst det små lommeparlørprogram vi kan laste ned på mobilen. Med slike program kan ein øve på å uttale til dømes spørsmål og høyre korleis svara lyder. Med nokre program kan vi diktere til ein maskin og få fram teksten på skjermen.

Eit døme på språkteknologi er skjema på nett. Nokre av skjema du finn på nettet, er berre digitaliserte papirark og reint visuelt attgjeving av teikn. Desse kan du verken fylle ut eller svare på direkte. Språkteknologi er det først når du kan fylle ut, få stave- og grammatikkontroll og kontrollspørsmål til om du gjer feil, kan rette opp og til slutt sende skjemaet elektronisk direkte til dei som skal ha det.

Kva har vi?

Dei fleste kjenner til og bruker stavekontrollen som finst i programma vi brukar til dagleg: tekstbehandlar, e-post, presentasjonsverktøy, ordbokprogram på mobilen, maskinomsetjingsprogram osv. Bak stavekontrollen ligg det eit språkteknologisk program. Kvaliteten på programmet er avhengig av ordbøkene det byggjer på, og om programmet har reglar for å kontrollere meir enn skrivemåte. Det er ikkje få kontorveggar som dagleg må ta imot haglande skjellsord over autokorrektoren, som tilsynelatande umotivert endrar *EU* til *Eu* eller *e* i parentes til *€*. Somme tider blir språk eller målform på mystisk vis endra, til dømes når *meir eit* brått er blitt til *mei reit*. Dei fleste er vel likevel glade for stavekontrollen og autokorrektoren, og mange feil blir fanga opp på denne måten. Hugs berre å lese korrektur – teknologien kan (enno) ikkje erstatte hjernen!

til side 2 →

Den nye direktøren hilser

Som nyslått direktør i Språkrådet hadde jeg sett fram til å uttrykke glede i min hilsen til Statsspråks lesere, glede over å se så mye godt språkarbeid i staten. Så kom 22. juli. Min hilsen til dere blir nå en todelt oppfordring: Les diktet av Sigmund Skard som er trykket på siste side. Og reflekter over den kraften som språket har, og som mange av oss er blitt mer bevisste om i disse vanskelige ukene. Kanskje vil noe av den bevisstheten forbli i oss, også i de hverdagene vi nå har tatt fatt på.

Andreas Mørvik Vonen

Språkrådet

www.spraakradet.no
www.sprakradet.no

- Aktuelt
- Ordbøker
- Råd om språk
- Fakta om norsk
- Lov og rett
- Leik og lær
- Andre språksider

OPPSLAGSTAVLA

Klarspråksprisen 2011 – på tide å nominere!

De siste årene har både lek og lærd kunnet glede seg over økende interesse for klarspråksarbeid og et stort mangfold av språkforbedringstiltak. Snart skal vi igjen framheve de statsorganene som vi mener fortjener en påskjønnelse for sitt gode og brukervennlige språk i tekster til publikum. Den verdige vinneren blir hedret med den gjeve Klarspråksprisen.

Nå kan du foreslå kandidater. Les mer på www.klarsprak.no eller skriv til klarsprak@sprakradet.no.

Ny nysgjerrigperpris

«Årets nysgjerrigper» er ein konkurranse for elevar i barneskulen, og alle deltakarane får premie. Konkurransen omfattar ulike fagfelt, og nytt i år er Nysgjerrigpers språkpris. Prisen går til eit prosjekt der eit språkleg emne blir utforska, og blir delt ut av Språkrådet i samarbeid med Noregs forskingsråd. Les meir om Nysgjerrigpers språkpris på www.sprakradet.no og www.nysgjerrigper.no.

Norske datatermar

Kva bør e-book reader og cloud computing heite på norsk? Språkrådets datatermgruppe har vurdert desse og andre engelske datatermar og kome med framlegg til norske avløysertermar med presise definisjonar. Datatermgruppa er sett saman av fagfolk som nyttar terminologiske prinsipp i arbeidet. Du kan lese meir om dette arbeidet, og du finn datatermlista på nettsidene til terminologitenesta i Språkrådet (www.sprakradet.no).

Du kan følgje med på terminologiarbeidet på fleire fagfelt gjennom nyheitsbrevet til terminologitenesta. Skriv til term@sprakradet.no viss du vil abonnere på nyheitsbrevet.

Nå er Språkrådet på Facebook!

Søk på «Språkrådet (NO)», og velg «Liker», så kan du få med deg aktuelle språknyheter og diskutere språk med andre.

facebook

→ Språkteknologi i staten ... frå side 1.

Det offentlege er pålagt å leggje til rette for sjølvhjelp. Derfor må offentlege skjema, tenester og annan informasjon vere tilgjengeleg på nett og tilrettelagde for interaktiv bruk.

Program for skrive- og lesestøtte gjev god hjelp til dei som treng det. Skrivestøtte omfattar mellom anna stavekontroll, synonymordlister, grammatikkontroll og stilkontroll. Lesestøtte kan vere syntetisk tale, altså elektroniske stemmer som les opp tekst for deg. Språkteknologiske løysingar gjer at brukaren kan velje å lytte til tekst og fylle ut skjema med stemma i staden for med tastaturet. Det er også mogeleg å styre pc-en med stemma.

Språkteknologi er eit typisk tverrfagleg forskings- og utviklingsområde. For å lage alle programma må utviklarane kombinere kunnskap om språket vårt med kunnskap om teknologi. Sjølv den enklaste stavekontroll krev kunnskap om språket han skal lagast for, og om dei teknologiske rammene han skal vere ein del av.

Produkt på norsk

Vi har i dag mange språkteknologiske produkt på norsk. Dessverre er det få som er tilgjengelege på begge målformene. Ei årsak er mangel på språkleg råmateriale, til dømes standardisert terminologi på fagfeltet. Dessutan er det dyrt å lage to variantar. For at produsentane skal ta denne kostnaden, må vi kjøparar bruke marknadsmakta vår og stille krav slik at produsentar som tilbyr parallelle utgåver, får ein reell konkurransefordel.

Språkbank

Skal vi i framtida få norskspråklege tenester og programvare på begge målformene våre, må vi leggje til rette for det. Det er sett i gang eit arbeid for å etablere ei digital samling av norskspråklege råvarer og verktøy, ein såkalla språkbank. Samlinga skal etter kvart innehalde nok norskspråkleg råmateriale til at kommersielle aktørar og forskingsmiljø kan hente alt dei treng

derifrå. Det betyr skriftleg og munnleg materiale på begge målformer, standardisert terminologi for ulike fag og utviklingsverktøy aktørane ikkje har økonomi eller kompetanse til å utvikle sjølve.

Stortingsmelding nr. 35 (2007–2008) slår fast: Det at nye teknologiske løysingar blir tilgjengelege på norsk, er avgjerande for at norsk som samfunnsberande språk skal bestå og utvikle seg vidare i ei verd der kommunikasjonsmåtar og teknologiske løysingar blir skifta ut i høgt tempo. Noreg har små, men sær kompetente fagmiljø i språkteknologi, og med språkbanken får desse miljøa det materialet og dei hjelpemidla dei treng til å utvikle meir avanserte tenester og produkt.

*Torbjørgh Breivik, seniorrådgjevar i Språkrådet
torbjorgh.breivik@sprakradet.no*

Språkdagen 2011

Språkrådet inviterer til sin årlige språkkonferanse 15. november i Oslo konserthus. Hovedtemaet i år er norsk språkpolitikk, både generelt og spesielt i universitets- og høyskolesektoren og arbeids- og næringslivet.

Les mer om Språkdagen på www.sprakradet.no.

Eit lite innføringskurs i mållova – del 4

Lova § 1: Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune.

Paragrafen slår fast at to viktige prinsipp gjeld:
Likeverdsprinsippet – begge målformene skal tolast.
Jamstillingsprinsippet – begge målformene skal brukast.

Ordet *målform* markerer at bokmål og nynorsk er to former av norsk språk.

Tallenes tale

Ikke alt vi skriver, er bokstaver. Ofte omtaler vi tall og talluttrykk. Det er ikke alltid like lett å vite hvordan talluttrykk skal skrives, eller om de i det hele tatt skal skrives med siffer eller bokstaver. Her kommer noen nyttige tips.

Små tall og store tall

Hovedregelen er at vi skriver små tall med bokstaver. Vi regner tallene opp til og med tolv som små.

Du trenger to egg og fem poteter.
Han fyller ti år i dag.

Større tall skriver vi som regel med siffer.

Det er 26 elever i klassen.

Likevel bør det være konsekvens innenfor ett og samme avsnitt.

Det kommer tre jenter – sju, tolv og femten år gamle.
De var 5, 18 og 32 år gamle.

Likevel: I tekster med mange tall – der tallene er hovedsaken – bør vi skrive alle tall med siffer, for eksempel i tabeller, matematiske utgreiinger og lignende.

Enda større tall

Tall på fem siffer eller mer skal ordnes i grupper på tre og tre siffer, regnet fra høyre. Det skal ikke settes punktum eller komma mellom siffergruppene.

45 890
1 000 000

Bruk «hardt mellomrom» (Ctrl+Shift+mellomrom) når du skriver. Da vil alle sifrene i tallet alltid holde seg på samme linje.

Det er valgfritt om vi skal skrive firesifrede tall med mellomrom eller ikke.

5630 eller 5 630

Pass på:

Tallet 1 000 000 000, det samme som tusen millioner, heter på norsk *en milliard*. På engelsk heter det *one billion*. Vi ser ikke sjelden at engelsk *billion* blir oversatt til *billion* på norsk. En billion på norsk vil si det samme som en million millioner, 1 000 000 000 000. Det er altså en viss forskjell mellom *en milliard* og *en billion*.

Omtrentlige tall

Omtrentlige og runde tall kan vi gjerne skrive med bokstaver, selv om de er store.

fjorten dagers tid
(nesten) en million kroner
(om lag) femti deltakere

Ordenstall

Når vi skriver ordenstall med siffer, skal vi alltid bruke punktum.

5. klasse
17. mai

Ordenstall kan selvsagt også skrives med bokstaver.

femte hjul på vogna

Tall som del av sammensatte ord

Når et tall står som ledd i et sammensatt ord, kan vi velge om vi vil skrive det med siffer eller bokstaver.

50-årsdag eller femtiårsdag
1.-klassing eller førsteklassing

Desimaltall

På norsk bruker vi kommategnet til å skille hovedtallet fra desimalene, ikke punktum som på engelsk.

9,5 km
500,00 kr
75,63 m/s

Legg merke til at det ikke skal være punktum etter forkortelser for myntenheter, mål og vekt.

Etter desimaltall kan vi alltid sette substantivet i flertall.

1,4 millioner
22,8 grader

Dersom desimalen er 1, kan vi velge om vi skal bruke flertall eller entall.

1,1 millioner eller 1,1 million
22,1 grader eller 22,1 grad

Datoer

Vi kan velge mellom flere ulike formater når vi skal skrive datoer. Men felles for dem alle



er at vi ikke skal bruke bindestrek, skråstrek eller romertall i datoene. Og vi bør alltid skrive datoen i rekkefølgen dato-måned-år. Vi kan skrive navnet på måneden fullt ut, og i løpende tekst er det gjerne det beste.

9. august 2011

Eller vi kan bruke tall for måneden. Årstallet kan skrives med to eller fire siffer.

9.8.2011
9.8.11
09.08.2011
09.08.11

Klokkeslett

Når det gjelder hele timer, bruker vi tallene fra 0 til 24.

(kl.) 9
(kl.) 14

«Klokka» er ingen måleenhet. Derfor gjelder hovedregelen om at forkortelser skal ha punktum.

Dersom vi omtaler et klokkeslett med minutter, kan vi bruke fire siffer, med eller uten punktum mellom timene og minuttene.

09.05 eller 0905
14.00 eller 1400

Dersom vi bruker punktum, kan vi sløyfe nullen foran timetallet.

1.30
9.05

Foran måleenheter og den slags

Som nevnt bruker vi siffer når det er tale om nøyaktig mål og vekt. Legg også merke til at vi setter mellomrom mellom tallet og måleenheten.

10 km
10 kg
10 kWh
10 dB

Det samme gjelder prosent og promille.

10 %
0,2 ‰

SPRÅKTIPS

SPRÅKEGGET



Bidrag til denne spalten er verpet av skrivende mennesker i stat og presse. Dagens eksempel er hentet fra NRK.

Prislappen for Norges bidrag vil øke jo lenger en venter.

Redd et tre – lag små prislapper!



pris verdi i penger, kostnad
Prisen på melk har steget det siste året.

prislapp merke der prisen på en vare står
Hva gjør du når summen på prislappen ikke stemmer med sluttsummen i kassa?

BOKFINKEN

Sær, særlig og særegen

En avis har skrevet om «politiets særegne enhet for overtredelser av plan- og bygningsloven».

Særegen betyr noe sånt som 'eiendommelig': *en særegen måte å være på*. Skribenten mente kanskje *særlig*, som betyr 'særskilt, spesiell': *i særlige tilfeller*. Så har vi ordet *sær*, som kan bety enten 'egen, rar' (*sære meninger*) eller 'mutt, sur'.

Det ville for øvrig være litt sært om politiet skulle ha en egen enhet som stadig vekk bryter plan- og bygningsloven.

MÅLTROSTEN

Imperativ

Typiske imperativformer i norsk har ikkje ending: *Grip dagen!* På bokmål finst det eitt unntak. Når stammen endar på eit «vanskeleg» konsonantsamband, er det valfritt med ending: *smuldr(le) deigen godt*.

Nynorsk har eit unntak til. Alle verb som endar på -a i fortid (til dømes *har kasta*), kan ha «infinitivsending» i imperativ. Vi kan altså skrive både *kast ikkje bort tida* og *kaste/kasta ikkje bort tida*.

Hummer og kanel – misforståtte uttrykk

Årekasting

«Kaste inn årene» er en sammenblanding av «kaste inn håndkleet» og «legge inn årene». Å legge inn årene (i overført betydning) vil si å legge opp, slutte i arbeidet (på grunn av alder). Å kaste inn håndkleet (egentlig et uttrykk fra boksporten) betyr å gi opp eller trekke seg. (Det er selvsagt mulig å tenke seg at en frustrert basargjest kaster inn årene i raseri over at hun ikke vant noen premie.)

DIKTET

Det må

Det må vera ein stad det blir gøymt,
det vi lever i lag,
kvar stund vi har lett og drøymt,
kvar nykveikt dag,
kvar smil og kvar varleg hand,
kvar time av trøyst,
ei rømd som har ævleg minne
og gøymer di røyst.

Det er for stort, det vi har,
til å siga ifrå oss.
Ein stad må det setja seg får
og bia på oss,
ein stad eg kan ikkje nemna
og ikkje forstår,
bakom dei slokna stjerner
og folna år.

Sigmund Skard



Ordklekkung

Vi har fått inn mange forslag til ord for den energiske personen som stadig tar opp på nytt saker som er avgjort: *tværlant, omkjemper, drøvtygger, saksforfølger, insistent* og *tvholder*.

En leser mener at slike personer lider av *repatitt*. En annen erger seg over *korrektur-takere*, altså slike som tar opp saker for å perfeksjonere dem – til stor irritasjon for andre som synes saken er avgjort.

På oppfordring fra en gruppe som kaller seg *Anonyme ettertraktere*, ber vi denne gangen om ord for kolleger som koker altfor tynn kaffe. Skriv til stat@sprakradet.no.

Å dra til Kos?

Uttrykket «å dra sin kos» har ingenting med øya Kos å gjøre. Ordet «kos» henger sammen med *kurs*, som stammer fra latin *cursus* (fransk *course*) og betyr 'løp, vei, retning'. Å dra sin kos er altså det samme som å dra sin veg.

Gretne menn

finst det mange ord for i norsk. *Ein knurr* er eit godt døme, skriv ein lesar som kallar seg *kontorknurren*. Den sorten som er verst heime – men gjerne smørblid med framande – heiter mange stader *ein husgrin*. Eit lokalt uttrykk frå Vestlandet er *ein dørakvin*. Ein veit liksom ikkje om det er gubben eller gangjarna som gnaurar når ein opnar døra.

STATSPRÅK

Bladet for godt språk i staten

Adresse:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Telefon til Språkrådet og Statsspråk:
22 54 19 50

Redaktør:
Torunn Reksten
torunn.reksten@sprakradet.no

Abonnement og adresseendring:
bestilling@sprakradet.no

Utforming:
Marit Heggrougen | cmkydesign.no
Trykk: Zoom Grafisk

Opplag: 17 500
Redaksjonen avslutta 31.08.2011

ISSN 0805-164X